



Notat

Til: Eilin Houlison Molvik

Kopi til:

Saksbehandler: Teknisk drift/Linda Folkestad

Vår referanse: 16/2188 - 5 / Gbnr - 188/178

Dato: 02.08.2016

Emne: Svar på intern høyring - søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense langs veg gbnr 188/163 og 178 Gjervik ytre

Teknisk drift syner Dykkar notat av 05.07.2016 vedkomande uttale på søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense langs veg gbnr 188/163 og 178 Gjervik Ytre.

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (takutstikk) og kant kommunal veg skal være minimum 2,1m.
- Tiltaket skal være plassert slik at det ikkje kjem i konflikt med siktsone til eigen avkjørsle og avkjørsle på gbnr 188/84. I siktsoner kan ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Eigar av avkjørsle er sjølv ansvarleg for å halde siktsone vedlike.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak i samband med drift og vedlikehald av kommunal veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg oppstår skade på tiltak, grunna dets plassering i forhold til kommunal veg, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av garasje må sjølv sørge for og påkoste utbetring av dette.

Det er med heimel i Veglova § 29 og §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk at vegavdelinga sett krav til plassering av tiltak i forhold til kommunal veg og siktsoner til etablerte avkjørsler.

Linda Folkestad

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

